

Det blir farleg når bygdefolk ser på bygda med augo til byfolk.

# Å verdiskapa eller bli verdiskapt?



SKILNADER: Ein må ikkje ta by og bygd for det same, meiner Dag Jørund Lønning.

ILLUSTRASJONSFOTO: COLOURBOX.COM

## BYGD OG BY

Dag Jørund Lønning, dr. philos og rektor ved høgskulen for landbruk og bygdenæringar på Jæren



**INNANFOR EKSTENSIFILOSOFI** nyttar ein metaforen «å sitja i førarsetet i eige liv» for å illustrera det rom me menneske har til å velja korleis me ønskjer å leva liva våre og kva verdiar som skal leggjast til grunn.

Ønskjer me å styra etter eigne interesser og engasjement, krev dette aktive val og aktiv handling. Det finst så mange rundt oss som står klare til å ta over dersom me sjølve ikkje grip rommet for å skapa og forma. Dersom me let andre verdiar og interesser ta over styringa, er me plent nøydd å følgja der dei ønskjer at ferda skal gå.

**METAFOREN ER** svært treffande i ei tid prega av kommersialisme og reklamepress. Forbrukaren er den passive konsumenten – han eller ho som let seg leia av andre sine verdiar.

For bygda er implikasjonane potensielt dramatiske: Dei verdiar forbrukar- og reklamesamfunnet forfektar er i stor grad urbane!

Me lever i ei tid som dyrkar urbanitet forstått som nytande konsum, som det å vera tilskodar, som det å bli underhalden. Me lever i ei tid som dyrkar dei «nøytrale» arenaene – dei arenaer som ikkje krev noko spesielt av ein, der ein kan gli stille inn og bli ein av massen.

**BYGDA VERT OFTE** framstilt som sjølve anti-fridomen i denne same forbrukarforteljinga: ein arena full av illsinte moralistar og «bygdedyr» væpna med jantelover. Eit reisemål og ein arena for å nyta eigne friluftslivsinteresser, kan hende, men ikkje ein stad ein bur, blir det hevda.

At me på bygda faktisk byrjar å ta desse same forståingane i bruk når me skildrar oss sjølve, viser litt om kor stor makt dette verdssystemet har fått over sjelene våre. Eg har vore på ei rad bygdekonferansar dei siste 15 åra, og dei handlar stort sett om to tema: Det eine er alle «bygdedyra» våre og korleis desse eventuelt kan fordrivast frå bygda sin kulturelle fauna, det andre er korleis med kan konstruera enno fleire «opplevingar» – ikkje for oss sjølve, men for turistar og tilreisande.

Med andre ord, me byrjar å spegla oss sjølve i byen sitt bilete, og det me då ser er manglar! Byrjar ein først å rekna på denne måten, er det ikkje ende på kva me manglar: kafear, barar, «møteplassar», speleautomatar, diskotek, «kulturtilbod», osv.

Samlar ein ei gruppe menneske ein kveld og får dei til å reflektera over kva deira eiga bygd manglar, kan lista etter kvart bli uendeleg.

**PROBLEMET ER** at dette i utgangspunktet ikkje har noko effekt utover å få folk til å bli enno meir negativt innstilt til eigen stad – forstått som mangel – enn det dei alt var! Diverre er det like-

vel mange «bygdeutviklingsprosjekt» som enno vert drivne på denne måten, og som endar opp som effektive bygdeavviklingsprosjekt i staden.

Dette skjer på følgjande måte: Etter avslutta bygdeutviklingskvelde søkt vert lista over lokale manglar overlevert til kommunen. Då har deltakarane gjort sitt. Men kva skjer med lista? Jo, den blir sjølvsagt verande i ei skuff i rådhuset, for kva bygdekommune i dag er det som kan dra fram sjekkheftet og slik utan vidare bla opp til ny lysløype, nytt diskotek, nattbuss fram til 6 om morgonen, ny innandørs fotballbane og spelehall med kafibarautomat?

**RESULTATET AV PROSJEKTET** vert i beste fall auka lokal politikarforakt og passivitet. Verre er det at ein svært ofte er med og produserer sjølvoppyllande profetiar om «staden der det ikkje skjer noko som helst».

Men kva er det då med denne tilnærminga som nærast garanterer fiasko? Jo, me oppfører oss som urbane forbrukarar som forlangar å nyta og bli underhaldne utan sjølv å bli ansvarleggjorte. Me har teke til oss og spelar ut både den urbane konstruksjonen av bygda som mangel og den urbane forbrukarideologien om rettar utan plikter.

**BYGDA ER IKKJE SLIK!** Me er rett og slett ikkje mange nok! Det finst for få menneske på bygda til at den urbane marknaden for underhaldning kan fungera. Det

funkar ikkje å seia at ein vil ha ny kaffibar for deretter å gå og setja seg i sofaen.

Etter å ha arbeidd med bygdeutvikling både som forskar og praktisk gjennom mange år, har eg koma fram til at det faktisk berre finst ein måte bygda og småstaden kan lukkast som attraktiv og spennande leve- og utviklingsrom i ei urban samtid, og dette handlar nettopp om å setja seg sjølv i førarsetet og ta over verdistyringa.

I mitt dr.philos-arbeid om nyskaping i Bygde-Noreg fann eg veldig fort at dei som går inn i nye næringar med fremste motivasjon å tena pengar, det er og dei som først vil mislukkast. Dei som faktisk etter kvart byrjar å tena pengar er dei som går inn med engasjement, som får rom til å arbeida med og utvikla det dei brenn for og interesserer seg i.

Det er her «kvalitetsprodukta» kjem, og det finst heller ingen annan fungerande definisjon på kva autensitet handlar om. Noko er ikkje meir autentisk fordi det er 250 år gammalt. Det autentiske er det det verdiskapande og produserande menneske trur på og brenn for i dag!

**ME SER DET SAME** på fellesskapsnivå. Dei stader som lukkast er dei som legg eigne verdiar til grunn; dei som trekkjer menneske med, som aktivt vektlegg engasjement og medverknad.

Rasjonaliteten er motsett frå den som styrer den passive forbrukaren. Skal bygda lukkast må

den verta ein verdiskapar. Let den seg bli verdiskapt, er det ein sikker veg til både misnøye og gradvis nedgang.

Skal ein lukkast med å gjera bygda meningsfull, spanande og attraktiv, må ein byrja med menneske på staden, med deira engasjement og deira interesser.

Eg har dei siste åra arbeidd med utviklinga av omgrepet og utviklingsstrategien *innlevingsøkonomi*. Innleving handlar om å delta, om engasjement. Som stadleg utvikling handlar det om å gje enkeltmennesket rom til å leika med dei lokale natur- og kulturressursane og til å skriva sine eigne interesser, tolkingar og verdiar inn i staden og det lokale landskapet.

I denne leiken må dei etablerte sanningane suspenderast. Målsetjinga er å utvikla det skapande blikket, det blikket som ser det nye og komande i det tradisjonelle og kjende.

Det å skapa er først og fremst å setja nye namn på det eksisterande, seier den filosof som meir enn nokon har arbeidd med det skapande mennesket, Friedrich Nietzsche.

**FOR BYGDA SOM KOLLEKTIV** talar me om å utnytta det individuelle engasjementet til beste for fellesskapen. Mennesket som får rom til å leva seg inn, rom til å gjera staden til sin og seg sjølv til ein del av staden kan vera ei svært så skapande kraft, ei kraft som skaper verdiar ikkje berre for seg sjølv men også for alle som både bur og vitjar denne staden.